

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Linn Bæra, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Gunnar Ekeland, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Kristoffer Skjolden, Karl Olaf Sundfør, Grete Müller, Charlotta Schaefer (sekr.).

Møteleiar: Linn Bæra

Møtedato: 23.05.2018

Klokkeslett: 09.45-14.45

Møtenr: 4/17

Møtestad: Helse Vest RHF, møterom Kjerag, Stavanger.

Arkivref: -

Saksnr.	Emne	Ansvarlig
22/18	Innkalling blei godkjent utan kommentarar.	Leiar Linn Bæra
23/18	Referat frå førre møte blei godkjent utan kommentarar.	Leiar
24/18	<p>Gjennomgang av aktuelle styresaker Hilde Christiansen meldte fråvær og leiar Linn Bæra presenterte hovudsaker frå styremøtet 22. mai.</p> <p>Det var ei negativ trend i ventetid og liggetid for dei store føretaka. RBU merkte seg også at sjukefråværet var urovekkjande høgt. RBU ønskjer ei breiare orientering om saka neste RBU-møte.</p>	Leiar
25/18	<p>Deltaking i arbeidsgrupper RBU-representantane orienterte om siste aktuelt frå respektive verv i arbeidsgrupper og prosjekter.</p> <p>Grete rapporterte at brukarerfaringsundersøkingar 2019 blir innan feltet psykisk helsevern vaksne. RBU er fornøgde med valet.</p> <p>Jostein har deltatt på sitt fyrste møte i kompetansenettverk for likeverdige tenester. Det er usikkerheit på om nettverket skal fortsette arbeidet eller avviklast. Det er nokon uavklarte roller og oppgåver.</p> <p>Elisabet meldte at fleire flinke fagfolk går ut av nettverk for lungerehabilitering grunna pensjon og arbeidsskifte. Viktig at nettverket får fram til tross for tap av kompetanse.</p> <p>Linn rapporterte frå styringsgruppa 'Alle møter'. utfordringar med Meona og reseptformidlar. Ikkje den framdrift som ønskje.</p>	Leiar

	<p>Linn fortell at Freestyle Libre blei vedtatt av Beslutningsforum for pasientar opp til 18 år. RBU var godt fornøgde med vedtaket men meinte det er viktig å jobbe vidare for at alle pasientar skal få tilbodet.</p> <p>Josteins sitt verv i leddproteseregister går fram til 2021.</p> <p>Karl Olaf orienterte om fagrevisjonen innan rus. Det er for dårleg kompetanse om rus i BUP. Ikkje nok kompetanse hos personell. Det er ei uro hjå pasientorganisasjonane for utviklinga i BUP'ane.</p> <p>RBU drøftar tema. Linn tok opp brukarmedverknad i fagrevisjonar på styremøte 22.05.18.</p> <p>Henrik orienterte frå arbeidet med kreftkirurgi. Det er bestemt at det skal gjennomførast ei ROS-analyse av kirurgiområder der det er usemja. Det skal også gjennomførast ROS på områder der sjukehusa vil fortsette med kirurgi til tross for at krava i rapporten ikkje etterfølges. Neste møte i arbeidsgruppa er etter sommaren. RBU foreslo at ei brukarrepresentant deltek i arbeidet med ROS-analyse.</p>	
26/18	<p>Førespurnadar til RBU</p> <p>RBU har mottatt tre førespurnadar om deltaking i arbeidsgrupper.</p> <p>Interregionalt prosjekt for digital opplæring for brukarrepresentantar på systemnivå. Arbeidet leias av Helse Sør-Øst. Fyrste møte i Oslo 5. juni. RBU peikte ut Karl Olaf Sundfør til arbeidet.</p> <p>Oppfølging av styrevedtak revmatologi. RBU ønskjer at Njål Idsø skal deltek. RBU drøfta saka og meinte det er viktig at det deltek ei brukar i kvar av dei tre arbeidsgruppene. RBU peikte ut Grete Müller til koordinator for brukarrepresentantane som deltek. RBU peikte også ut Elisabet Salte. RBU vil spør Revmatikerforbundet om ei representant med erfaring frå barnerevmatisme feltet, som kan bidra inn i arbeidet.</p> <p>Jostein har meldt seg på vegne av RBU til å deltek i ei forskingsstudie om kneproteser i Helse Bergen.</p>	Leiar
27/18	<p>Brev til/frå RBU</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vara-representant Annbjørg har skrevet eit notat ang. uro om rehabilitering i kommunane. RBU drøfta korleis dei skal følgja det opp. Det blei bestemt at brevet skal sendast til KS og fylkesleger på Vestlandet. RBU meinte det er viktig å peike på utfordringar med samhandlinga mellom spesialisthelseteneste og primærhelseteneste. Linn skriv ei stykke frå RBU i starten av brevet. Det er viktig for RBU å leggje press på spesialisthelsetenestens 	Leiar

	<p>si rolle i samhandling. Linn og Grete tar brevet med på BU-leiarsamling 6. juni.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grete orienterte frå møte med Nasjonalt senter for e-helseforskning i Trondheim 5. juni. • Invitasjon til erfaringsmøte om koordinerte tenester for pasientar med kroniske lidingar hos Helsedirektoratet 28. august. RBU vil spør Else Berit Ingvaldsen om hu vil deltek. Karl Olaf Sundfør deltek også frå RBU. Sekretær melder de på. 	
28/18	<p>'RBU si time'</p> <ul style="list-style-type: none"> • Freestyle Libre – Gunnar informerte RBU. Det er ingen medisinsk grunn til å halde tilbake behandling for dei over 18 år. Diabetesforbundet vil be om at behandlinga blir opna for alle med diabetes type I. • Videomøter - RBU synes det er verdifullt å ha fysiske møter og føretrekk det framfor elektroniske møter. Det er et behov for opplæring i Skype/videomøter. RBU kan teste ut å ha videomøte ved arbeidet med årlig melding vinteren 18/19. • Brukarrepresentant med minoritetsbakgrunn til neste funksjonsperiode. Linn har skrevet et brev som kan leggjast ved til organisasjonane, når brev om oppnemning skal sendast ut. Drøfting i RBU om korleis verva brukarar med minoritetsbakgrunn. Det blir semja om å send brev til innvandrarrådet i Hordaland og be om en representant som har erfaring frå spesialisthelsetenesta. • Foreløpig program til fellessamling 28.-29. august blei presentert. RBU foreslo å ha workshop den fyrste dagen og ikkje den andre, då det å jobbe i gruppe skaper godt samtaleklima. • Til RBU-møte i september: Førebu oppdragsdokument og fellesmøte med styret i oktober. 	Leiar
29/18	<p>Kort oppsummering frå IR-RBU 4. mai på Gardermoen. Grete og Charlotta deltok. RBU førebur saker til neste interregionale RBU-møte den 5. september.</p>	Leiar
EVT	<p>Merete – LMS-kurs blir ulikt registrert i føretaka. Det gjer det vanskelig å samanlikna aktivitetar og kurs. RBU meinte det er grunn til at ulik registreringspraksis er gjeldande på fleir felt og områder. RBU vil spør direktøren på neste RBU-møte om kvalitetssikring av data til rapportering frå verksemda.</p> <p>Kristoffer – Oppfølging av sak om reseptformidlaren som blei presentert i RBU-møte i februar. RBU vil ha informasjon om kva tiltak som er satt inn for å løyse utfordringa.</p>	Leiar

RBU-møte 11. juni er avlyst. Neste møte blir fellessamlinga 29.-30. august i Bergen (Scandic Ørnen). Neste ordinære RBU-møte blir 5. september